



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8216 - 21/3333

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
17.01.2021

Stadfestar mottatt klage på vedtak om dispensasjon frå kravet til detaljregulering og kravet om stenging av Lyngvegen - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Tiltak: Dispensasjon fra områdeplan
Byggjestad: Gbnr: 188/385
Tiltakshavar: Alverporten AS
Ansvarleg sækjar: Arc Arkitekter AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar klage om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 09.12.2020 i sak 177/20 den 05.01.2021, jf.- e-post av 07.01.2021 og 13.01.2021. Klagen er fremja frå Knarvikgården AS – gbnr 188/75 som vert representert av Harris Advokatfirma AS. I klagen vert det bedt om utsatt frist for å supplere klagen samt førespurnad om utsatt iverksetting.

Vedtaket om dispensasjon er sendt ut frå oss den 18.12.2020 og vedtaket skal reknast som mottatt frå denne datoen. Klagefristen på 3 veker løpar frå vedtaket er mottatt, dvs. frå 18.12.2020 innan 08.01.2021. I følgje dykk er vedtaket mottatt den 05.01.2021. Klagen av 05.01.2021 er sendt kommunen innafør ordinær klagefrist på tre veker frå 18.12.2020-08.01.2021. Då vedtaket er mottatt av dykk den 05.01.2020 er i utgangspunktet klagefristen 3 veker frå 05.01.2021 innan 26.01.2021. Det kan difor gis frist for supplering av klagen innan 26.01.2021 slik at det vert innvilga ordinær 3 vekers klagefrist.

Frist for supplering av klagen er 26.01.2021.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.03.2021. Møta vert halde på rådhuset. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 09.12.2020 i sak 177/20. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta, er det gitt dispensasjon frå kravet om detaljregulering og kravet om stenging av Lyngvegen på gbnr 188/385 Gjervik ytre.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om løyve før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjering av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt løyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

Det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 09.12.2020 i sak 177/20.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Nabovarsel og merknad til søknad

Det er sendt ut nabovarsel den 11.06.2020 frå gbnr 188/385 til gbnr 188/75 – Knarvikgården.

Kvittering frå nabovarsel den 11.06.2020 kl. 13:20:

Eier/fester av naboeiendom: KNARVIKGÅRDEN AS

Adresse:

Lyngvegen 4, 5914 ISDALSTØ

Gårdsnr.:

188

Bruksnr.:

75

Festenr.:

0

Seksjonsnr.:

0

Nabovarsel sendt via: Fellestjenester Bygg

Nabovarsel sendt: 11.06.2020 13.20.13

Fristen for merknad til nabovarsel er innan 14 dagar frå nabovarselet er sendt som løpar frå 11.06.2020 innan 25.06.2020. Nabomerknaden er datert 26.06.2020 og dokumentert sendt til ansvarleg søkjar denne dagen på korrekt måte ved bruk av e-post og med riktig e-post adresse, slik e-post av 26.06.2020 syner og som er lagt med e-post av 05.01.2021 frå nabo/klagars representant.

E-post frå gbnr 188/75 til gbnr 188/385 den 26.06.2020:

Merknad til nabovarsel - Lyngvegen 2/Bruvegen 3, 5914 Isdalstø - Alver kommune



Nina Forland Klepsvik

Til kjersti@arcarkitekter.no

#1116869501 : 1858832

i Du videresendte denne meldingen 26.06.2020 17:04.



Hei,

Vedlagt er merknad til nabovarsel for ovennevnte eiendom.

Når nabomerknaden frå gbnr 188/75 er sendt 26.06.2020, så er den sendt innan 15 dagar. Merknaden ikkje vore sendt inn som ein del av søknaden til kommunen og difor ikkje vurdert av kommunen.

Kommunen legge til grunn at behandling av klagen gjev klagar/nabo moglegheit å få sine innsigelser vurdert i klageomgangen slik at manglande vurdering av nabomerknad ved søknad, vert å anse som reparert i klageomgangen, jf. fvl. §33 første og annet ledd og §17 første ledd.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar arealforvaltning

Tone Furustøl
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alverporten AS	Radøyvegen 239	5911	ALVERSUND
Arc Arkitekter AS	Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM
Arc Arkitekter AS	Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM
Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Knarvikgården AS	Postboks 42	5902	ISDALSTØ

Mottakarar:

Harris Advokatfirma AS	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
------------------------	-------------------------	------	--------